

### Mandat for Delprosjekt Leiing og fagleg organisering

Delprosjektet skal kome med forslag til leiarstruktur (fagleg og administrativ) og organisering av den faglege verksemda ved høgskulen. Arbeidet skal byggje på prinsippa for leiing og fagleg organisering som er fastslegne i fusjonsavtalen.

Den føreslegne leiarstrukturen skal leggje til rette for ein tydeleg organisasjon med god rolleavklaring. Leiarstrukturen skal vidare leggje til rette for effektivisering og digitalisering av tenester og vere i samsvar med prinsipp for standardisert arbeidsflyt, med eins struktur i heile organisasjonen og samsvar mellom ansvar og mynde.

Delprosjektet greier ut forslag til:

1. Leiarstruktur og funksjonsområde for leiarar på nivå 1.
2. Leiarstruktur for nivå 2 og prinsipp for leiing på nivå 3. I forslaget skal det og inngå ei vurdering av behovet for understrukturar på nivå 3.
3. 2-3 ulike modellar for organisering av den faglege verksemda. Modellane skal innehalde vurderingar av:
  - Organisering i fakultet/«schools»/institutt/program/forskingssenter på nivå 2, samt prinsipp for organisering på nivå 3
  - Oppgåver/arbeidsdeling mellom ulike nivå og einingar/område
  - Ressursbehov og mogelegheiter for robuste miljø
  - Råd- og utvalsstruktur
  - Styringsorgan på nivå 1 og 2

**Leveranse 1:** Delprosjektet utarbeider eit diskusjonsgrunnlag som inneheld:

- Forslag for leiarstruktur for nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3
- Skildring av ulike aktuelle modellar og prinsipp for organisering av den faglege verksemda ved den nye høgskulen, samt vurdering av styrker og svakheiter ved desse

Diskusjonsgrunnlaget vert handsama i styringsgruppa og i samrådsmøte. Det bør og leggast opp til brei medverknad og mogelegheiter for innspel frå tilsette gjennom høyringsmøte.

Diskusjonsgrunnlaget går som drøftingssak til interimsstyret, som kan foreta vegval for det vidare arbeidet i delprosjektet.

**Leveranse 2:** Med bakgrunn i diskusjonsgrunnlaget og interimsstyret si handsaming skal delprosjektet utarbeide minst 2 konkrete alternativ til framtidig organisering, inkludert leiarstruktur. Forslaget vert send på formell høyring i dei tre institusjonane og reviderast før det vert lagd fram for styret for endeleg vedtak.

### Delprosjektgruppe

Delprosjektgruppa skal arbeide fram leveransane i delprosjektet. Det vil difor vere særskilt viktig med ei godt samansett gruppe med naudsynt kompetanse, som kan sikre gode leveransar.

Det skal vere lik representasjon frå dei tre institusjonane i delprosjektgruppa.

Samansetting av delprosjektgruppe:

- Wiggo Hustad, delprosjektleder, HiSF
- Tarald Seldal, HiSF
- Svein Abrahamsen, HSH
- Hellen Dahl, HSH

- Nils-Ottar Antonsen, HiB
- Silje Valde Onsrud, HiB

Prosjektstøtte frå programsekretariatet.